



Årsregnskap for regnskapsåret 2008

Organisasjonsnr: 971 560 959

Navn/foretaksnavn: HORDALAND HUSFLIDSLAG

Brønnøysundregistrene

04.09.2020

Brønnøysundregistrene

Postadresse: 8910 Brønnøysund

Telefoner: Opplysningstelefonen 75 00 75 00 Telefaks 75 00 75 05

E-post: firmapost@brreg.no Internett: www.brreg.no

Organisasjonsnummer: 974 760 673



Brønnøysundregistrene

Regnskapsregisteret




VEDLEGG TIL ÅRSREGNSKAP

2008

Brønnøysundregistrene
Regnskapsregisteret
8910 BRØNNØYSUND

UNODODUT OODON



HORDALAND HUSFLIDSLAG Holmedalsgården 3 etg 5003 BERGEN	Organisasjonsnr. 971 560 959	FLI
		FRIV

Registrerte opplysninger per 11.05.2009		Eventuelle endringer dette regnskapsåret	
Startdato 01.01.2008	Avslutningsdato 31.12.2008	Startdato	Avslutningsdato
Konsernforhold Foreninger som følger regler for frivillig virksomhet, kan ikke være morselskap	Morselskap NEI	Endret konsernforhold <input type="checkbox"/> Morselskap <input type="checkbox"/> Ikke morselskap	

Årsregnskapet er satt opp etter reglene for frivillig virksomhet Avkrysning er kun aktuelt for foreninger (FLI) som er registrert i Frivillighetsregisteret

Hvis enheten ikke følger norsk regnskapslov eller frivillighetsregisterloven, kryss av IFRS/Forenklet IFRS selskap IFRS/Forenklet IFRS konsern

Hvis enheten velger å avvike fra regnskapsloven § 6-1, kryss av Funksjon selskap Funksjon konsern

Følges regnskapsreglene for små foretak? Ja Nei

Jeg bekrefter at vedlagte årsregnskap er fastsatt av kompetent organ den _____ Dato

Sted/dato, Underskrift av representant for enheten
Bergen 19/5-09 Tonid F. Veluel

Bare til bruk for Regnskapsregisteret

JUR/STW/US

G NYVE Admr Kregn Ja Nei Utt kregn

M Rets Ant.s

ov.b årsb res bal e.bal gj.bal rev i-rev k-res k-bal k-n k-rev i-k-rev n

alm.n kto d.k ik-fv funk u.off brev

BR-1001-09





Sak. 5

Hordaland Husflidslag
Rekneskap 2008

	Rekneskap 2007	Rekneskap 2007	Rekneskap 2008	Rekneskap 2008	Budsjett 2008	Budsjett 2008
	Inntekter	Utgifter	Inntekter	Utgifter	Inntekter	Utgifter
Tilskot drift Hordaland fylke	135 000,00		137 000,00		137 000,00	
Tilskot adm. Hordaland fylke	12 606,50		9 995,00		15 000,00	
Kurs			4 170,00			
Diverse tilskot			4 000,00			
Overskot fra FKF	2 906,00		2 454,80		14 000,00	
Kontingent	100 075,00	510,00	102 068,00		105 000,00	
Tordag	9 250,00	4 078,00				
Salg av bøker med mer	4 789,85	3 238,63	4 453,00			
Nøstekrok og nøstepinn	26 621,50	28 364,25	11 569,50			
Strikkelag	13 848,00	4 918,50				
Sommerkurs			3 021,00			
Renter	2 389,17		3 947,57			
Akseleutbytte Husfliden Bg as	20 000,00		30 000,00		20 000,00	
Lønn		129 560,00		134 737,60		126 000,00
Arbeidsgiveravgift 14,1%		18 264,00		19 024,00		18 000,00
Kontorhald	7 096,00	17 374,17		21 625,16		18 000,00
Forsikringer		5 486,00		4 678,00		47 000,00
Husleie m/strau		46 270,50		47 657,85		8 000,00
Styremøte		13 020,66		10 368,26		10 000,00
Fylkesleiar møte		9 604,31		15 798,80		10 000,00
Landsmøte 2006		827,00		22 273,00		20 000,00
Årsmøte	282,00			-1 265,00		12 000,00
Andre møter		1 897,00		976,00		3 000,00
Diverse		875,00		2 968,10		5 000,00
Medarb. kurs		10 990,30		397,75		6 000,00
Katalog		36 252,53		16 878,52		10 000,00
Kulturkonferanse fylke		2 050,00		4 800,00		3 000,00
Til godtgj. leiar		5 000,00		5 000,00		5 000,00
Stikk 2007 / Broderi		5 526,00		1 779,40		
Avskrivning kontorutstyr		2 216,74				
Avsett til opplysningsfond						
Sum	334 864,02	346 313,59	312 678,87	307 697,44		
Overskot / underskot	11 449,57			4 981,43		
Balanse	346 313,59	346 313,59	312 678,87	312 678,87	291 000,00	291 000,00

Rekneskapet er kontrollert og godkjent.
Av om dragskjed



Sak 5

Hordaland Husflidslag
Balanse pr.31.12.08

	År 2007	År 2008	
Eiga:			
Kassa	627,98	950,38	
Brukskonto	13 229,23	14 307,38	
Sparekonto	18 331,58	23 752,04	
Skattetrekkkonto	407,15	557,97	39 567,77
Kontorutstyr	8 866,98	7 087,58	
Innsk.brev Husfliden	5 000,00	5 000,00	
Fotoarkiv/bøker	1,00	1,00	
Modellsamling	1,00	1,00	
Damaskvestol	1,00	1,00	
50% aksjeandel i Husfliden*	50 000,00	50 000,00	62 090,58
	96 465,92	101 658,35	
Gjeld:			
Folkekulturforbundet	2 454,80	2 665,80	
Opplysningsfondet	15 361,00	15 361,00	18 026,80
Eiga pr. 1/1	90 099,69	78 650,12	
	107 915,49	96 676,92	
Overskot /Underskot	-11 449,57	4 981,43	
	96 465,92	101 658,35	
Eigenkapital pr.31/12-2007/2008	78 650,12	83 631,55	

* Note: Hordaland Husflidslag eig 50% av aksjekapitalen til Husfliden Bergen as, som utgjør pålydande kr. 250.000,-. I rekneskapan er dette oppsett med kr 50.000,- som eige. Dette har vore gjort sidan 1996.

Bergen 31. desember 2008

Bergen 20. januar 2009

Styret for Hordaland Husflidslag

Brit-Mari Hesjedal (s)
leiar


Karoline Blix (s)
styremedlem

Herborg Nortveit (s)
styremedlem

Else Marie Finnkirk (s)
nesteleiar

Guro Fosse Haraldsen
fylkesoppnemnd

Torild Finsrud Velure (s)
kasserar


Jan Myrliid (s)
revisor



Årsmøte 2009.
Sak 5.

Notar til rekneskap.

Inntekt:

Kurs: Dette er tilskot for medarbeidarkurset for 2007.

Diverse tilskot: Tilskot fra HBUR, kontingentfondet etter søknad til arrangementet Barnas festspel. Vi har også eit tilskot for 2008 som ikkje kjem med i rekneskapen før i 2009. Det er kr. 10.000,- frå FOLK for arbeidet med samarbeidsavtalen mellom VKA og FOLK.

Utgifter:

Kontorhald: Kjøp av konvoluttar m/logo kr.6.325,- og roll-up kr. 2.606,25

Fylkesleiar møte: 2 møter utanom landsmøte.

Årsmøte: Tilskot frå FOLK for 4 kurs kr.4.500,- og lotteri kr. 5.000,- er ført under denne posten.

Medarbeidarkurs: Tilskot frå FOLK for medarbeidarkurs kr. 7.500,- og for 4 kurs kr. 4.800,- og alt salet av slyngestokkar er teke med her, medan rekning for slyngestokkar på kr 5.000,- kjem på neste årsrekneskap.

Katalog: Berre ein katalog vart trykt og sendt ut i 2008.

Strikk 2007: Rekning på gevinstar til strikkekonkurransen på kr 2.500,- kjem på rekneskapen for 2009.

Dersom dei nemnde rekningane og tilskota som kjem inn i 2009 hadde vore førte i dette rekneskapet ville overskotet vore ca kr.7.500,-.

I rekneskapet for 2009 vil vi føra alle tilskot til kurs i ein post og ikkje fordela det på årsmøte og medarbeidarkurs som vi har gjort til no.



MEDLEM AV NORGES HUSFLIDSLAG



Årsmelding og Rekneskap 2008

Vi former framtida

1



Hordaland Husflidslag hadde pr. 31.12. som medlemmer:

	<u>2008</u>	<u>2007</u>	<u>2006</u>	<u>2005</u>	<u>2004</u>
Arna Husflidslag	57	61	58	64	69
Askøy Husflidslag	41	47	46	50	52
Bergen Husflidslag	210	234	220	226	235
Bømlo Husflidslag	24	25	25	27	27
Eidfjord Husflidslag	24	22	23	28	23
Etne Husflidslag	27	33	28	24	22
Fana Husflidslag	110	109	115	101	98
Fitjar Husflidslag	28	27	23	21	20
Folgefonn Husflidslag	38	49	47	48	47
Fusa Husflidslag	72	80	80	80	76
Granvin Husflidslag	37	40	42	44	49
Huftarøy Husflidslag	43	37	40	37	43
Kvam Husflidslag	8	14	18	22	27
Kvinnherad Husflidslag	55	68	66	69	68
Nordhordland Husflidslag	136	125	103	103	105
Os Husflidslag	69	61	55	51	41
Osterøy Husflidslag	47	47	53	57	57
Sotra Husflidslag	123	132	134	158	170
Stord Husflidslag	74	76	73	75	82
Tysnes Husflidslag	46	33	34	36	38
Ullensvang Husflidslag	8	8	7	8	11
Vaksdal Husflidslag	54	49	45	42	40
Voss Husflidslag	129	143	143	157	170
Øygarden Husflidslag	6	9	9	10	12
24 lokallag	1467	1 529	1 487	1 538	1 582

Styret har i 2008 vore:

Leiár:	Britt Mari Hesjedal, Fusa
Nestleiar:	Else Marie Finnkirk, Sotra
Styremedlem:	Herborg Nordtveit, Fusa
Styremedlem:	Karoline Blix, Huftarøy
1. varamedlem:	Johanne Karin Årland, Huftarøy
2. varamedlem:	Brita Hekland, Bergen
Fylkesoppnemnd:	Gro Fosse Haraldsen, Bergen
Fylkesoppnemnde varamedlem:	Jorunn Gjersvik, Straume

Husflidskonsulent:

Inge Rune Fanebust (til september)

Vi formar framtida

2



Styremøte / studiering:

Styret har vore samla til 7 styremøte. Delar av kvart styremøte har vore køyrt som studiering utan lærar, med tema: Organisasjonsarbeid – barn og husflid. Målet var og auka kompetansen i organisasjonsarbeid for deltakarane i samsvar med strategisk plan for Norges Husflidslag og utarbeida og gjennomføra planar der barn er i fokus i organisasjonen. Styret var også samla ein kveld til dugnad i høve flytting av diverse frå konsulentkontoret og bort til vårt kontor.

Arbeidsutvalmøte:

Det har vore eit arbeidsutvalmøte 3.oktober i samband med at husflidskonsulenten sluttar. Elles har det vore god kontakt mellom leiar og sekretær, sidan begge har vore studentar ved Vestnorsk Kulturakademi i heile 2008 med samling ein gong kvar månad. Nestleiar har også vore fleire turar på kontoret og i god kontakt på telefon. Heile styret har vore samla både på årsmøte i vår og medarbeidarkurset i haust.

Folkekulturforbundet (FOLK) i Hordaland, styremøte og årsmøte:

Sekretæren i H.H. Torild Finsrud Velure sit som leiar i FOLK i Hordaland. Resten av styret i FOLK er: leiar i H.H., ein representant frå Fylkeskystlaget, Hordaland Mållag, Hordaland Ungdomslag og Vestlandske Teaterlag. Rekneskapet til FOLK vert ført i vår balanserekneskap.

Det vart vedteke på årsmøte til FOLK i 1999, at overskotet skal overførast til H.H. som "løn" for jobben med å vera leiar for FOLK i Hordaland.

Årsmøte 2008 vart avvikla berre ved utsending av rapport om økonomien og tidlegare vedtak i styret. Det kom ikkje tilbakemelding på dette frå styremedlemene og etter vedtak frå 1999 vert overskotet for 2007 på kr. 2.454,80 overført til Hordaland Husflidslag.

Overskotet til FOLK for 2008 som er teke med i vår balanserekneskap er på kr.2.665,80

Styret i FOLK Hordaland avgjer om det vert same utfall som tidlegare på denne saka på sitt årsmøte våren 2009.

Leiar T. Velure representerte FOLK på årsmøtet til Vofo 27.mai. I oktober vitja Mette Vårdal frå FOLK kontoret vårt til møte med sekretæren.

Voksenopplæringsforbundet (Vofo):

Studieforbundet FOLK er medlem av Vofo (Voksenopplæringsforbundet) i Hordaland. Leiar i FOLK Hordaland, er valt inn som medlem til styret i Vofo Hordaland. Ho har møtt på 6 styremøte, årsmøte og vaksenopplæringskonferanse i Bergen. På konferansen var ho ein av forelesarane og presenterte studie på høgskulenivå i husflidsorganisasjon. (Vestnorsk Kulturakademi) Ho har også vore på studietur med styret i Vofo til Riga 17.-19.desember 2008. Tema for turen var å treffa liknande studieforbund i Latvia.

Else Marie Finnkirk var utsending for Hordaland Husflidslag på årsmøte til Vofo.

Vestnorsk Kulturakademi:

Torild Finsrud Velure er Hordaland Husflidslag sin representant i styret til Vestnorske Kulturakademi på Tvildemoen på Voss. Ho har vore på 4 styremøte i 2008.

Ho har marknadsført dei ulike studia ved akademiet på Bønder i byn i september, på H.H. sitt

Vi formår framtida



medarbeidarkurset på Finse, tidlegare nemnde Vofo konferanse i Bergen og fylkesleiarssamlinga til N.H. i Bergen i november. Sekretær og leiar har delteke som studentar på tekstilkultur studiet begge semestera dette året. H.H. har inngått eit samarbeid med Folk og VKA for å få auka status på tekstilkulturstudiet frå vanleg kurs til studie på høgare nivå. Dette går på statstilskot for studietimane. Sekretæren i H.H. har vore kontaktpersonen mellom dei nemnde partane og H.H. får kr.10.000,- frå FOLK sentralt for arbeidet i 2008.

H.H. er medlem i Hordaland Barne- og Ungdomsråd:

H.H. er medlem av Hordaland Barne- og ungdomsråd (HBUR). Nye reglar gjer at ein må ha barnemedlemar i organisasjonen for å kunna søkja om Frifondmidlar.

HBUR er barne og ungdomsorganisasjonens talerøyr og høyringsorgan i høve til fylkeskommunen i spørsmål som har tilknytning til barn og unge. HBUR innstiller og fordeler driftsstøtta til barne- og ungdomsorganisasjonane i Hordaland. For å søkja om midlar, må vi ha over 50 barnemedlemar under 26 år.

I 2008 fekk vi kr. 4.000,- i støtte gjennom Kontingentfondet i HBUR til prosjektet Barnas Festspel aktiviteten.

Kurs og kjelde-katalog:

Vi har laga vår og haust katalog også dette året. Vårkatalogen vart opptrykt i papir, medan haustkatalogen berre vart lagt ut på fylkeslaget si nettside under www.husflid.no/fylkeslag. Dette vart gjort grunna dårleg økonomi i laget. Administrasjonstilskotet vi får frå fylke, dekkjer ein del av portoutgiftene og trykkjeutgiftene for vårkatalogen, medan resten går på driftsbudsjettet til laget.

Strikk 2007:

Strikkeåret gjekk-litt-inn i-2008 og desse-to-aktivitetane som-er-nemnt-under, var-også-teke med i årsmeldinga for 2007.

Januar 2008: Premiering og presentasjon av labbekonkurransen i Husfliden Bergen as.

16. januar: Bergen Husflidslag.

Randi Stang Volden vitja Bergen Husflidslag som hadde ope møte "Om husflid".

Januar/februar : Årsmøte til lokallag ang. høyringssak

Styret vedtok at styremedlemene skulle vitja lokallaga sine årsmøte og hjelpe til med høyringssaka ang. vedtektsendringane i N.H. Randi Stang Volden vitja Arna og Fana Husflidslag, sekretæren: Os Husflidslag, konsulenten: Osterøy Husflidslag og nestleiar: Sotra Husflidslag og Britt Mari Hesjedal og Herborg Nordtveit: Fusa Husflidslag.

1.-3. februar: Fylkesleiar og sekretærmøte i Norges Husflidslag:

Fylkesleiar var forhindra i å reisa, så nestleiar og sekretær var på møte i Oslo i januar. Tema for møtet var mellom anna barne og ungdomssatsing, broderi, kva skjer i organisasjonen og landsmøtesaker.

28.-30. mars: Årsmøtet på Ullensvang Hotell i Lofthus:

H.H. hadde årsmøte på Ullensvang Hotell i Lofthus helga 28.-30.mars 2008.

Vi former framtida



Av 43 utsendingar hadde 39 stemmerett. 16 lokale lag var representerte av 23. Det var ikkje utsending frå Askøy, Bømlo, Eidfjord, Fitjar, Folgefonn, Ullensvang og Øygarden.

På årsmøtet gjekk Jan Åge Pettersen av som leiar etter å ha vore vara til styret frå 2000, i styret frå 2003- 2006 og leiar i 2007. Ny leiar vart Britt-Mari Hesjedal, Fusa. Husflidskonsulent i Troms Petra-Mari Linaker, som også er leiar i sektor for organisasjonsutvikling, var tilstades på møtet og hadde kurs for tillitsvalte.

Vi hadde medarbeidarsamling same helga med tema broderi for barn og unge. Styremedlemer, konsulent Inge Rune Fanebust og sekretær var kursleiarar.

23. april: Generalforsamling for Husfliden Bergen as:

H.H. og Sogn og Fjordane Husflidslag eig kvar 250 aksjar á kr.1.000,- i Husfliden Bergen as.. H.H. har også 27 lånebrev til ein verdi på til saman kr.13.500,- i Husfliden Bergen as. Leiar i H.H. og sekretær møtte som representantar på generalforsamlinga.

Styrerepresentantar for 2008: Hordaland: Dagrun Waag Linchausen, Anne Grete Istad og Laila Person Haugland. Sogn og Fjordane: Eva Ramstad og Kari Larsen. Tilsettes representant: Grethe Johanne Lerø. Dagrun Waag Linchausen tok attval som styreleiar. Valkomité for 2009: er fylkesleiarane i Hordaland og Sogn og Fjordane Husflidslag saman med styremedlem Kari Larsen.

Det vart vedteke at dei to aksjonærane skulle få kr. 30.000,- kvar i utbytte for 2008.

22. mai: Barnas Festspel.

Tradisjonen tru, var vi også i år ute og spikka seljefløyter til barn og vaksne på Barnas Festspeldag. Husflidskonsulenten hadde med seg tre elevar frå Montessoriskulen på Osterøy. Dei haldt til utanfor Husfliden på Vågsalmenningen. H.H. fekk kr. 4.000,- i tilskot frå Kontingentfondet til HBUR til dette arrangementet.

12.-15.juni: Landsting til Noregs Husflidslag i Tønsberg.

Utsendingar til landstinget var: leiar, nestleiar og styremedlem Herborg Nordtveit, medan sekretær var observatør. Vi køyrde sjølve til Tønsberg. Landstinget vart avvikla i nydeleg sommarvær med mykje fint å både sjå og delta på. Utsendingane var aktivt med i diskusjonar og sakshandsaminga under landsmøte. Sekretæren kom med i fullmaktskomiteen og fekk på den måten vera med i reisefordelinga for landstinget.

27.-29.juni: Handverksmessa i Jondal: N.H's Diplom for godt håndverk

I samband med Handverksmessa i Jondal hadde husflidskonsulenten i oppdrag å dele ut N.H.'s Diplom for godt handverk. Forutan konsulenten besto juryen av: Britt-Mari Hesjedal, Herborg Nordtveit og Johild Mæland (kunstnar frå Utne). Desse vart tildelt diplom: Oddlaug Fonn Skaar, Førde, Margith Skurtveit, Øystese og Torild Finsrud Velure, Fana.

23.-25.juni: Sommarkurs i brikkevev i Masfjorden.

H.H. arrangerte sommarkurs i brikkevev i samarbeid med Masfjorden Kommune. Kurslærar var Sonja Berlin frå Sverige. Kurset vart halde på kommunehuset i Sandnes i Masfjorden. Det deltok 11 stk. Overskotet var delt mellom arrangørane. Styret var på tur til Masfjorden i mai

Vi formor framtida

5



for å treffa kursleiar og vår kontaktperson Anette Torsheim. Vi hadde også omvising på Kvamsdal farger og kommunehuset der kurse skulle haldast.

30.-31. oktober: Hordaland Fylkeskulturkonferanse på Voss.

Else Marie Finnkirk og Johanne Årland deltok. Tema for konferansen var: Lokal og regional kultur.

24.-26. oktober medarbeidarkurs på Finse.

Vi hadde medarbeidarkurs på 1222 Finse Hotell på Finse. Kurset starta alt på toget frå Bergen med broderipakke der vi øvde på jernbanesting. Vi hadde ei fantastisk helg på høgjellet med mykje av både ver og god mat. Tema for helga var broderi, snorer laga på slyngestokkar, kumi himo snorer og info frå FOLK. Mette Vårdal frå FOLK var med oss heile helga. Det var 17 deltakarar frå lokallaga våre og to frå Ringsaker i Buskerud Husflidslag som også var inviterte med. Heile styret vårt og sekretær deltok som kursleiarar. Konsulenten var ikkje med, sidan han var slutta i stillinga.

7.-9. november: Fylkesleiar og sekretærmøte i Norges Husflidslag:

Dette møte var lagt til Bergen. Leiar og sekretær deltok. Tema for møte var også denne gongen barn og unge med ein praktisk del i broderi. Elles vart mykje av tida bruk til å orientera og diskutera den økonomiske stå i organisasjonen og vegen vidare med tanke på 100 års jubileum i 2010.

Deltakarane fekk høve til å vitja vårt kontor i ein pause og vi fekk selt litt slyngestokkar og broderipakker.

Alle fylkeslaga gjekk i saman om ei gåve til direktør Tove Gulsvik i høve at ho skulle slutta ved utgangen av året.

28. november: Stord Husflidslag ang. tildeling av N.H.'s heidersteikn i gull m/ diplom

Johanne Årland vitja Stord Husflidslag på medlemsmøte i november. Dei hadde søkt om å få tildela ein av medlemane sine N.H.'s heidersteikn i gull med diplom. Denne medlemen var Martha Lohndal.

Andre møter:

Marta Kløve Juuhl har vore på kontoret og lagt fram planar om eit vevtog til Bergen hausten 2009. Vevutvalet ynskjer å ha eit samarbeid med HH om arrangementet, sidan N.H. grunna økonomiske vanskar ikkje vil arrangera dette.

Leiar har vore på tilsetjingsmøte for ny konsulent 16. desember, saman med representantar frå N.H. Møte vart halde på vårt kontor.

Oppsummering.

Styret og sekretær takkar husflidskonsulent Inge Rune Fanebust for godt samarbeid og ynskjer han lukke til i ny jobb. Vi vil samtidig ta med at det vart ein del ekstra arbeid på både styret og sekretær i samband med at konsulenten slutta så brått. Vi har blant anna fått lov av NH å flytta heile boksamlinga, modellsamlinga og materialar over frå konsulentkontoret til vårt kontor, for å kunna bruka dette i lagssamanheng. Konsulentkontoret er nedpakka og skal flyttast.

Vi takkar Noregs Husflidslag, butikken vår, Husfliden Bergen as og ikkje minst alle lokallaga våre for godt samarbeid. Likeeins Vestnorsk Kulturakademi og FOLK som både leiar og

Vi former framtida



sekretær har hatt mykje kontakt med dette året. Vi oppfordrar alle til å utvida sine kunnskapar innan tekstil, mat eller bygg ved å ta eit studieår på Voss, eit unikt tilbod som H.H. har vore med å bygd opp. HBUR vil vi takka for både tilskot og godt samarbeid.

Styret i H.H. vil retta ein særskilt takk til Hordaland Fylke for økonomisk støtte og for godt samarbeid i året som har gått.

Hordaland Husflidslag
Bergen 2009.

Britt Mari Hesjedal (s)
leiar

Else Marie Finnkirk (s)
nestleiar

Herborg Nordtveit (s)
styremedlem

Karoline Blix (s)
styremedlem

Guro Fosse Haraldsen (s)
fylkesoppnemnd styremedlem

Vi former framtida

7